

Vekeplan 10. trinn

Veke 38 og 39

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	- Kjenna til og bruka sentrale fagomgrep om språk og språkleg variasjon - Utforska norske dialektar og reflektera over samanhengen mellom språk, stad og identitet - Kjenna til hovudtrekk i norsk språkhistorie og forklara bakgrunnen for bokmål og nynorsk
Engelsk	- reading, writing and speaking about making choices: relationships, school - using the future tense - using writing strategies: how to make thesis statements and write hooks in five paragraph essays
Matematikk	- Trekka saman algebraiske uttrykk med parentes - Forkorta brøker som har algebraiske uttrykk i teller og/eller nemner - Trekka saman brøkuttrykk - Multiplisera polynom med kvarandre.
Samfunnsfag	Tema: Identitetsutvikling og fellesskap(kriminalitet) Skriva om sentrale lover, reglar og normer og drøfta kva konsekvensar brot på desse kan ha for den enkelte og for samfunnet på kort og lang sikt
KRLE	Tema: Kristendommen - forklara sentrale trekk ved kristendommen, til dømes tru på Gud og Jesus, Bibelen, frelse og livet etter døden - forklara korleis kristendommen oppstod og spreidde seg, og korleis han blei ein eigen religion - forklara korleis kristendommen har utvikla og endra seg gjennom historia - bruka og forklara sentrale kristne omgrep - utforska kva kristne kan meina om ulike spørsmål i livet og samfunnet - samanlikna dei største kristne kyrkjesamfunna og forklara viktige likskapar og skilnader - vurdera ulike kjelder til kunnskap om kristendommen og tenkja over kven som har laga kjelda, og kva ho kan fortelja os
Naturfag	Forklara korleis kjemisk energi blir omdanna til andre energiformer ved forbrenning av fossile brensel og hydrogen
Spansk	- Repetisjon av grammatikk: kasus, fortid og nåtid - Kunna snakka og skriva om ver, årstider og aktivitetar - Kunna bygge fullstendige setningar - Kunna bruka rette preposisjonar med dag og dato
Tysk	- Kunna forklara setningsledda i analyse av setningar (S, V, D.O, I.O og Predikativ) - Kunna preposisjonar som styrer akkusativ og dativ
Eng fordj	Topic: Crime and Justice - Preparation to the oral presentation - Work individually, in pairs or small groups

Arbeidslivsfag	- Planleggja, gjennomføra og vurdere arbeidsoppgåver på ein trygg og ansvarleg måte, og bruka relevante verktøy, utstyr og arbeidsmetodar - Samarbeida med andre, visa initiativ og ta ansvar for eigne arbeidsoppgåver i praktiske arbeidssituasjonar
Kroppsøving	Frisbeegolf: - Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar - Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/individuelle idrettar. Innsats: - Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre - Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeid med andre
K&H	Oppgåve: Sjablong - Læra om street-art og nokre av dei mest kjende kunstnarane innan denne kunstforma - Kunna plukka ut fem eigna bilete av nokon som utøver ein idrett eller aktivitet - Kunna bearbeida tre av motiva i ein app, finna skuggar og redusera fargar - Kunna skjera ut sjablongar - Kunna mala/trykka motivet med svamp på kartong, med detaljar og skyggar som framhever aktiviteten - Bruka reiskapar og utstyr slik ein får rettleiing om - Kunna laga eit prosessnotat etter krava i oppgåva
Musikk	- Musisera saman med andre - Kunna spela blues på tre akkordar på valt instrument
Kantine	- Vita kva vurderingskriteria for faget er - Planleggja dei praktiske øktene - Laga god og ernæringsriktig mat - Halda god hygiene - Jobba med rekneskap og plakatdesign - Gjennomføra sal Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøker
Fysisk aktivitet	- Øva på og gjennomføra varierte bevegelsesaktiviteter aleine og saman med andre - Vera ein god lagspelar og gjera kvarandre gode - Kunna oppmuntra, inkludera og samarbeida godt med alle
Friluftsliv	Etterarbeid etter tur-planlegge eigentur
Design/redesign	Bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å forma ut produkt i ulike materiale
Trafikk	- Utforska trafikken i nærmiljøet og føreslå konkrete tiltak som kan gjera trafikken tryggare - Reflektera over og visa kva det inneber å ferdast trygt og ansvarleg i trafikken, og diskutera etiske utfordringar som kan oppstå
Programmering	- Utforska i program med blokkprogrammeringsspråk - Forklara eigne og andre sine kodar - Bruka grunnleggande prinsipp i programmering som varialer, løkker og vilkår og funksjoner

INFORMASJON TIL HEIMEN**Foreldremøte**

Det blir foreldremøte tysdag 15. september kl 18-19 i aulaen. Sjå eiga innkalling på vekeplanen. Tidlegare blei det informert at Sterk og klar skulle koma, men dette møtet skal vera 6. januar.

Energidag med Lyse

Me har søkt om å få vera med på Lyse sine energidagar. Skulen fekk kun plass til 2 klassar, og etter trekking får 10A og 10D reisa på denne turen onsdag 16. september. Elevane tar tog inn til Sandnes, før dei skal gå til ein transformatorstasjon og læra om kraft og energi. Dei tek vidare buss til Sviland.

Fagsafari

Torsdag 17. september skal 40 elevar reisa til Sandnes på fagsafari. Her har interesserte elevar meld seg på. Dei vil møte fagdemonstrasjonar og info frå mange ulike yrker og bransjar innan yrkesfag. I den vidaregåande skulen er det 10 yrkesfag å velje mellom.

Utdanningsval-veke

I veke 39 skal elevane ha den siste utdanningsval-veka, der dei skal bli kjende med eit nytt studieprogram på vidaregåande skule. Alle skal hospitera i den vidaregåande skulen ein heil dag. Tre (av 15) utdanningsprogram skal på ekskursjonar på måndag 21. september: Studiespesialisering til Universitetet i Stavanger, Teknologi- og industrifag besøker tre bedrifter og Bygg- og anleggsteknikk skal på ulike anlegg i regionen. Elevar på desse tre utdanningsprogramma skal ha tre dagar med arbeidspraksis, resten av elevane skal ha fire dagar i arbeidslivet.

Helsing oss på 10.trinn

PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Spansk	Videopresentasjon + munnleg samtale	Karakter	37 og 38

HEIMEARBEID VEKE 38**Norsk**

10AB: høyr 1 time på lydbok: «Tante Ulrikkes vei»

10CDE: Les 3 × 20 minutt i ei valfri bok.

Du bestemmer sjølv korleis du fordeler lesinga. Du kan til dømes lesa 60 minutt på éin dag. Etter lesinga skriv du ein kort leselogg der du:

- skriv tittel og forfattar
- skriv kva sidetal du starta og slutta på

	oppsummerer kort kva du har lese Leseloggen dokumenterer leseprogresjonen din, så hugs å levera han kvar veke.
Engelsk	Watch this video about Christine Leunens and answer the questions on ON
Matematikk	Gjer oppgåve 1.117-1.119 i oppgåvebok s. 14-16
Samfunnsfag	Les Kriminalitet før og nå - Aschehoug univers (s.15-16 i boka) 1. Forklar med eigne ord kva pop-up kriminalitet er 2. Sjå om du finn døme på pop-up kriminalitet på nettet (NRK, Aftenbladet, Tiktok) legg inn lenke og forklar kva du har sett.
KRLE	Les side 196-200 i KRLE-boka (Om den katolske kyrkja). Skriv kolonnenotat frå sidene. (eller bruk den læringsstrategien som fungerer best for deg).
Naturfag	Sjå filmen: https://www.nrk.no/video/239629 og les s. 176-178 i Solaris Kva er fossile brensel? Kor kjem opprinneleg energien frå? Nemn nokre utfordringar ved bruk av fossile energikjelder.
Spansk	Bli ferdig med videopresentasjon om Mi Vida. Frist for å levere tysdag 15. september. Samtalar startar på torsdag.
Tysk	Lær preposisjonar som styrer akkusativ og dativ. Kvifor skal me IKKJE analysa når me har preposisjonar? (Dette bør du kunna svara på i timen torsdag.)
Eng fordj	Weeks 34-37 Homework should be done and delivered
Arbeidslivsfag	Hugs å føra inn i loggen etter kvar gong du har vore i arbeid. Ligg på OneNote.
Kroppsøving	Frisbee: Hugs å ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera ute. Symjing: Partallsveker: D, A. Oddetallsveker: E, B, C.
Musikk	Om du ikkje heng med på progresjonen i timen må du øve heime. Sjå Teams.
Kantine	Vegard si gruppe lagar mat Anne Marie si gruppe møter i klasserommet
Fysisk aktivitet	Frisbeegolf: Oppmøte i 10B. Ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera ute.
Programmering	Øva mot framføring av prosjektet, oppgåve ligg i OneNote.

HEIMEARBEID VEKE 39

UTV	Leksefri
-----	----------

